

From: jon atle ravnestad <jar@live.no>
Sent: 20. april 2016 00:24
To: Moe Rune
Subject: Konesjonssøknad Skorgeelva Gloppen Kommune

I innleiinga til søknaden kan ein lese: Sidan det er få negative konsekvensar ved denne utbygginga, ser ein føre seg at inngrepet vil gje ei meget lita samla påkjenning. Ein ser altså ikkje føre seg det sers omfattande naturinngrepet det her er tale om. Og desse vesentlege inngrepa skal finne stad i eit område som som vert karakterisert med spesielle og interessante formasjonar av professor ved Geologisk Institutt Universitetet i Bergen Noralf Rye. Eg viser i så måte til brev dater 27. sept. 2002. Han nemner og trongen for nærare hydrogeologiske utgreiingar ved inngrep i naturen i området.

Det vert i søknaden hevda at restfeltet vil "bidra med 0,040kbm/sek. Dette stiller eg meg tvilande til. Ut frå min kjennskap til området vil tilrenninga til vasstrengen vere sers liten nedstraums inntaket.

Gamlekarane sa at vatnet "stikk seg vekk ved Vadet i Neset, (ca. midt mellom Skorgedalen og fjellkanten) og kjem att på Sikleelvhamrane (ved sjøen)

På grunn av den oppsprukne grunnen i området, er det sers vanskeleg å vite kva vegar vatnet tek.

Men det ein temmeleg sikkert kan seie er at Skorgeelva i nedre del ikkje får tilsig frå Ivahola, slik det vert hevda i søknaden.

Omframnt mange kulturminne som Tjeremiler og gamle skogsløype som er interessante kulturminner vil eg peike på molteforekomstar i Skorgedalen, nær elva. Fagfolk innan biologi finn det sers uvanleg med moltelyng på så lave koter.

Området som vert omfatta av ei evt. utbygging har etter mi meining store verneverdiar, og ein bør tenkje i dei baner i staden for utbygging. At Ivahola avfallsplass i si tid vart anlagt, må ikkje verte brukt som grunn for ytterlegare øyding. To range vert ikkje ein rett.

Før ein går vidare må ein i alle fall etter mi meining få nærare utgreiingar når det gjeld hydrogeologi, botanikk og ornitologi.

Venleg helsing
Jon Atle Ravnestad
6823 Sandane